

HYTTA „FJELLY“

1917

av

Lars Feet.

Då Uskedal Ungdomslag gjer storverk og byggjer hytta Fjelly

Det fyrste eg hørde om at det skulle byggjast hytte ved Mannsvatn var frå Dagny Tlyse. Ho var frå Stord og var lærar her i Uskedalen på den tid. Det var vinteren ~~1977~~ 1917 i det gamle Helgheim føre eit ungdomsmøte. Vi stod nede ved ovnen og vermd^{er} Dagny sat nederst på benken og snakka med Elias Myklebust. Dei snakka om kor fint det var oppe ved Mannsvatn, og der oppe måtte ungdomane gå i gang med å byggja seg ei hytte.

Det hadde nok vore snakka om millom ungdomen og eldre med i bygdi, for ikkje lenge etter kom Jonas Våge og tok det opp på eit møte i ungdomslaget. Våge var Stavanger mann, var då formann på hermetikkfabrikken i Uskedalen.

Dette fekk full støtte i laget, men laget hadde ikkje pengar til hyttebygging i den tid. Dei hadde i året som var gått, hatt reperasjon på gamle Helgheim med mellom anna teke ut lemen, fått kvelving i salen og på galleriet. Det vart valt ei nemnd som skulle arbeida vidare med ~~xx~~ saka. Med ~~a~~ nemndi vart Våge (formann) Sigurd Dønhaug, Harald Myklebust, Peder Musland og formann i laget Karel Eik. Denne nemndi gjorde eit arbeid som det står vyrnad av og som ho har æra av i dag og.

Dagen etter var Våge i gong med å samla inn pengar.

Hermetikkfabrikken arbeidde då for fullt og der byrja det heile. Det var sagt at dei skulde gje ei dagløn som den gong var kr. 5,- Likevel var det dei som gav meir og pengar kom inn. Det var ikkje berre på fabrikk dei gav pengar. Våge var ute med boki si der han såg ein bygdamann, anten han var ung eller gamal og bygdefolket var flinke å støtta denne saki. Særleg på garden Myklebust var dei interesserte i hytta ved Mannsvatn. Dei hadde både ku og sau på beite ved Mannsvatnet so dei såg gjerne at hytta vart reist.

Det kom inn pengar frå folk utanfor bygdi og, - slike som var sumargjester frå Bergen. Den største gåva som kom var frå Sjur Lote i Haugesund. Det var nemleg nokre frå Uskedalen som arbeidde hjå Lote på sildarbeid om vinteren. Mellom anna

var Halvard Rød og Lars Leite faren på kvar sin fabrikkstad. Lote var og ein stor avtakar av sauekjøt frå bygdi som her var mykje av i den tid. Lote var såleis kjend med mange her og syntest godt om tanken og gav pengar til dette føremålet.

Snart var det kome inn so mykje pengar at dei såg at dei alt dette året kunne reisa hytta. Nemndi vende seg til Johs. Wang som laga ein teikning. Han fekk og i oppgåve å rekna ut materialet, både kvantum og dimensjoner. Lista over dette vart levert til Johannes Myklebust, som då førte skøyta „Concord“ som gjekk på Stavanger. Han stogga i Haugesund på sør og leverte lista til Haugesund Trelastforretning. Dei skulle laga det til til han kom på nord att. Slik kom „Concord“ med materialane som vart lossa på kaien. Det vart køyrt opp på Sahaugen og lagra der.

So var det for Johs. Wang til å sortera og alt stander vyrke vart kappa på rette lengde og godt merkte so alt skulle gå snart når dei kom til fjells med det.

Om kvelden 17. mai kjem Våge fram på golvet i Helgheim og seier at no fekk alle møta tysdagskvelden for å vera med å bera til fjells. Kvelden kom med godt ver og mange møtte fram både gutar og jenter, ja, nokre eldre og, - jamvel nokre som ikkje var heilt vakne, men alt talde her anten dei bar mykje helde mindre.

Det vart sagt at vi skulle bera på Kjeldhaug i fyrste omgong. Vi skulle heller ikkje ta for store børe slik at vi laut leggja frå oss på vegen. Sigurd Dønhaug gjekk føre og so slutta ei lang rekkje etter opp Halsane. Eit slikt fylgje har vel aldri gått denne vegen før helde seinare. Det var som heile lii levde av materialer som var på vandring oppetter. Det var mange pustestunder, men endeleg kom vi på Kjeldhaug og fekk leggja bora frå oss og setja oss til kvild og praten gjekk livleg millom flokken den fine vårkvelden. Ingen onna på heimveg. Då seier Sigurd Dønhaug at dette hadde gått so fint på alle vis, men om vi no tok og bar det sør på Storhaug var mykje vunne. Då var ein mykje nærare Mannsvatn. Ingen sa mot dette. Alle tok bærer og la i veg.

3.

Dette stykket var snart unnagjort. Vi la børenne frå oss og la snart på heimveg.

Etter ein tur noko seinare var mest alt komen på Storhaug. Frå Storhaug til Mannsvatn var det mange tunge bører, men dei i nemndi gav ikkje opp. Dei gjekk alltid føre og fekk andre med seg og nytta alle laurdagane heile sumaren til dette arbeidet. Når alt var kome til vatnet, vart alt lagd i flåte og drege etter tunne liner langs strandi. Nokon drog, andre helt frå land. Slik gjekk det innover. No syntest dei det verste var gjort. Byggjearbeidet kunne taka til.

Johs. Wang stod for arbeidet med å reisa hytta. Hytta fekk ytre kledning og sutak med papp på taket. Arbeidet seinare vart gjort med friviljug arbeidshjelp og dei syntest det var godt når dei fekk inn golv slik at det gjekk an å overnatta. Då gjekk arbeidet snart framover.

Eg vil enno ein gong nemna desse i nemndi, - kva arbeid dei gjorde, - då særst Johas Våge, Sigurd Dønhaug og Harald Myklebust. Dei gjorde eit framifrå arbeid. Fyrst skaffa dei til vegar alle pengane som skulde til. Seinare gjekk dei føre i alt arbeidet og fekk andre til å vera med i arbeid både med å bera og byggja.

Skifertaket vart lagt på året etter i 1918. Det vart og skaffa opp med friviljug arbeid. Odren var at alle som gjekk til fjells, skulde taka helle med seg. Noko vart køyrt opp til Haugland, slik at dei som gjekk derfrå skulde ta med.

Slik kom hytta Fjelly opp, - eit arbeid som det står vyrnad xx og byrgskap av. Dette vart gjort for over 60 år sidan og eg ville gjerne vi skulde minnst desse som gjekk i brodden for dette arbeidet, - då særleg Våge, Sigurd og Harald.

Lars Feet